

Kjempedagar for skulemusikken i København

26.06.2009



Uskedelingane spelar på Strøget. (Foto: Thor Inge Døssland)

Storbyen København har mykje å by på. Det fekk uskedelingane som var på korpstur frå laurdag til onsdag verkeleg oppleva. Dei hadde svært så minnerike dagar i den danske hovudstaden.



Konser saman med Furnes-korpset. (Foto: Thor Inge Døssland)

Sightseeingsturen med buss var ein flott start på programmet. Den flinke svenske guiden tok oss med på ei rundreise som gav oss ny kunnskap om Kongens by på ein koseleg og lettfatteleg måte. Ein kan ikkje unngå å la seg imponera av historia og arkitekturen som viser seg gjennom dei mange imponerande og velhaldne byggverka.



Turleiar Janne Yri helsar på den flinke guiden vår. (Foto: Thor Inge Døssland)

Etter sightseeingsturen var det klart for første opptræden under turen. Den 40 minuttar lange konserten på Strøget var særskilt vellukka. Godt med publikum var det fra første tone, og etter kvart trekte musikken til seg endå større folkemengder. Det var tydeleg at repertoaret fall i smak hos tilhørarane, men så kom dei 14 musikantane som var med på turen, også svært godt fra framføringa! Ekstra kjekt var det og at ein utflytt uskedeling var mellom publikum. Det var Synnøve Elisabeth Kjærland (yngste dotter til Torunn og Peder) som har budd i København dei siste 20 åra.

Mindre publikum var det på den andre konserten som Uskedal skulemusikk hadde under Danmarksopphaldet. Likevel var også det ei kjekk oppleveling. Det var ein felleskonsert med Furnes skolekorps, og den føregjekk utanfor Vandrermuseum der vi budde. Konserten vart avslutta med at dei to korpsa framførte Fairytale som fellesnummer.

I tillegg til konsertane var det og lagt inn eit par øvingar i turprogrammet.

Tivoli i København er noko spesielt. Ikke rart dagen som vart nytta der, vart eit høgdepunkt på turen. Her var noko for alle. Til og med dei aller modigaste måtte innrømma at dei var litt småkvalme etter einiske aktivitetar. Musikantane hadde og tilbodet om å oppleva dansk midtsommar-feiring i Tivoli, men dei føretrekte å bruke tida til bowling. Det er alltid ein sikker vinnar når skulemusikken er på tur. Det slo til denne gangen og.

Shopping er viktig for mange. Derfor var det sett av godt med tid til å sjekka dei danske tilboda både på Strøget og andre stader. Mange gjorde gode kjøp. Elles var det og ein del aktivitetar der grupper deltok etter eige ønskje. Mange opplevde folkelivet og stemninga i Nyhavn. I overkant av halve gruppa var på kanaltur, og gjorde seg meir kjend med byen på båttur gjennom det fine kanalsystemet. Nokre nytta også tida til å sjå 3D-film i Tycho Brahe Planetarium.

Det som var av fristunder, vart og aktivt nytta. Bordtennis og fotball var populært. Det vart arrangert både bordtennisturnering og fotballkamp mellom leiarane og musikantane. Leiarane gjekk hardt ut, og med særskilt vellukka offside-taktikk heldt dei lenge følgje, men til slutt måtte dei gje tapt sjølv om dei hadde dirigenten på høgre-flanken.

Å oppleva København er ei flott opplevelse. Å oppleva det med ei gruppe som skulemusikken gjev det ein heilt annan dimensjon. Det er berre heilt fantastisk å vera foreldre og vera vitne til korleis dei yngste og dei eldre

musikantane trivst i lag, - og kosar seg i lag med oss vaksne. Det må berre opplevast! Det kan ikkje beskrivast! Turleiar Janne Yri og staben hennar skal ha sin del av æra for at turen vart så vellukka. Stor takk for det!!!

Av Thor Inge Døssland